

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 02.02.2026

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk IKS

Tid: Måndag 02.02.2026 kl. 10:00 – 13:15

Møtestad: Hovudkontor Eidsmona, Sandane

Til stades: Sven Flo (digitalt), Jan Henrik Nygård, Marit Elisabeth Larssen
Gunn Sande, Jorunn Frøyen (digitalt) og Tor Olav Sande

Forfall:

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Frode Denk
Alexander Wilke
Johan Kristian Myklebust

01/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret gjorde deretter følgjande

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 02/26 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Møtebok frå førre styremøte 17.11.25 er godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 02.02.2026

SAK 03/26 PERIODEREKNESKAP PR. 31. DESEMBER 2025

Vedlagt følger rekneskapsrapport.

Bokført resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 4 653 00,- mot budsjett kr. 579 000,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 5 366 000,- mot budsjett kr. 171 000,-

Kommentarar:

- inntekter på abonnementsgebyr både på hushald og næring er periodisert i samsvar med faktisk fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngående faktura er bokført/avsett i perioden

Oppsummering resultat

Vurdert reelt negativt førebels resultat etter finans er kr – 190.000

Forklaring til vurdert resultat:

- 1,63 mill. Ekstraordinære inntekter sal av driftsmidlar (maskiner/lastebilar)
- 2,98 mill. Lågare handsamingskostnader avfall enn budsjett (primært nedgang i restavfall) Inntekter restavfall næring 1,5 mill. under budsjett
- 1,1 mill. Resultat finans over budsjett
- 1,34 mill. Refusjon sjukepengar

Til orientering kan det kome vesentlege endringar i endeleg resultat grunna nye NRS berekningar på pensjonskostnad.

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 31. desember 2025 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 02.02.2026

SAK 04/26 NY GJENBRUKSSTASJON I STRYN
(unn. off. §§ 13, 14, 15 og 23)

SAK 05/26 NYTT KUNDEHANDSAMINGSSYSTEM

BAKGRUNN

Viser til styresak 39/25– Nytt kundehandsamingssystem

Styret sitt

VEDTAK

Styret gjev administrasjonen fullmakt til å inngå avtale med Avinet AS om kjøp av kundesystemet «Adaptive Renovasjon».

SAKSUTGREIING

Administrasjonen har sidan førre styremøte vore i drøftingar med Avinet AS om tolkingar, rammer og retningsliner for eit framtidig samarbeid.

Det er no utarbeidd ei ny og oppdatert avtale om eit FoU-samarbeid knytt til utvikling av kundehandsamingssystemet «Adaptive Renovasjon».

Grunna endringar og avtala sitt omfang/storleik, legg administrasjonen avtaledokument fram for styret for endeleg godkjenning.

Vedlegg: *Avtale om FoU samarbeid*
 Vedlegg Akseptansekrav
 Vedlegg Migrering av data

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret godkjenner avtale og tilhøyrande vedlegg med Avinet AS om FoU-samarbeid i samband med utvikling og overgang til det nye kundesystemet «Adaptive Renovasjon» levert av Avinet AS.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 02.02.2026

SAK 06/26 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvær og personale 2025

Periode	31/4-25	31/8-25	31/12-25
1-3 dagar:	0,63%	0,53%	0,60%
4-16 dagar:	0,79%	0,48%	0,36%
over 16 dagar:	6,37%	5,60%	5,34%
Totalt fråvær:	7,79%	6,61%	6,29%

Utfyllande informasjon i møte

Status personale

Personalsaker

Utfyllande informasjon i møte

Utlysing av stillingar

- Vikar operatør gjenbruksstasjon i Florø (ifm. fråvær)
- Operatør gjenbruksstasjon Nordfjord (eksisterande stillingsheimel)
- Renovatør/sjåfør Florø (eksisterande stillingsheimel)
- Renovatør/sjåfør Nordfjordeid (eksisterande stillingsheimel)

Andre saker

- Tilsyn NSO - Industrivern 16.03.2026
- Kompetanseplan
- Kort orientering om resultat frå masteroppgåve

Utfyllande informasjon i møte

Status drift

Lågt kortidssjukefråvær og normal aktivitet etter årstida gjer at arbeidssituasjonen på avdelingane er god. Det vert utført ordinært vedlikehald av maskiner, utstyr og lastebilar.

Vi er no på plass to renovasjonsbilar med vektsystem som vert nytta til kommunalt avfall og næringsavfall.

Dette for å imøtekome krav frå våre eigarkommunar om veging/avfallstatistikk på levert avfall knytt til rapportering og «Miljøsertifisering».

Vi er i dialog med fleire av våre eigarkommunar med tilbod om utvida løysingar. Drifta går elles som planlagt.

Tilsyn frå Statsforvaltar

Kinn kommune hadde saman med NoMil tilsyn 19. november 2025 knytt til ansvaret til kommunen etter forureiningslova – utsortering av hushaldsavfall til førebuing til ombruk og materialgjenvinning.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 02.02.2026

Statsforvaltaren fann eit avvik:

Kommunen har ikkje lagt til rette for utsortering og separat innsamling av alt hushaldsavfall frå alle fritidsbustader

Statsforvaltar viste til etablerte installasjonar med inngjerda områder, nedgravne løysingar med tilgangskontroll som fungerer godt i større hyttekommunar. Dette er løysingar som er tilpassa store hyttefelt med mange fritidseigedomar.

Statsforvaltar var samd i dei regionale utfordringa knytt til at storparten av hytte- og fritidseigedomane ligg spreidd over store områder, og på øyar og veglause stadar. I Kinn kommune er det totalt 64 returpunkt for dei 1300 fritidseigedomar, noko som gjev i snitt om lag 20 hytter pr returpunkt.

Statsforvaltaren vurder likevel at gjeldande praksisen ikkje er i samsvar med avfallsforskrifta §§ 10a-4 og 10a-5, sidan kommunen etter forskrifta har plikt til å tilby separat innsamling av avfall, anten gjennom henteordning eller bringeordning. Administrasjonen har vore i kontakt med andre renovasjonsselskap som har fått tilsvarende avvik.

Frist for skrifteleg tilsvar til Statsforvaltar er innan 1. mars 2026

Vedlegg: Rapport frå tilsyn
Presentasjon frå tilsynet

Ny avfallsløysing for hyttefeltene ved Stryn Skisenter

I området ved Stryn Skisenter er det pr. i dag rundt 500 hytter, med planar om bygging av 3-400 hytter til dei næraste åra. NoMil har dei siste åra vore i tett dialog med hyttegrendene og kommunen. Informasjon og hyppigare tømning har resultert i at problemet med ureining rundt containerane har vore vesentleg mindre.

Grunneigar ved Stryn Skisenter har sagt opp avtale om bruk av eksisterande areal til hytteavfall. Stryn kommune arbeider no med regulering av nytt areal tiltenkt hytterrenovasjon. Kommunen ser føre seg at arealet er regulert 1. halvår 2026, og ser føre seg at NoMil etablerer og kostar ein ny og framtidsretta avfallsløysing for hytteabonnentane i området.

Utfyllande informasjon i møte

Tekstil – status

Ombruk

NoMil har inngått ei avtale med Fretex om mottak av tekstilar til ombruk. NoMil har vidare inngått avtale med Movia i Nordfjord og Origod i Florø om innsamling og grovsortering av tekstilar frå Fretex sine mottakstårn. NoMil køyrer tekstila til Sunnfjord Miljøverk for omlasting og utsending.

Materialgjenvinning

NoMil er i drøfting med Movia om sortering av tekstil til materialgjenvinning.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 02.02.2026

Erfaring med den nye ordninga innført i 2025 viser at det aller meste av tekstilavfallet ikkje kan nyttast til om bruk, men går til forbrenning. Det er likevel positivt at ein del av desse tekstila vert sortert ut og går til ombruk

Utfyllande informasjon i møte

Årsplan og mål for drifta 2026

Bygg og anlegg

- etablere nedgravne løysingar med digitale nivåmålarar og tilkomstkontroll
- oppgradering/utviding av brannvarslingsanlegg og tilleggsareal i Eidsmona
- utviding av innandørs lagerkapasitet

Avfallsordningar

- etablere tekstilordning for ombruk og materialgjenvinning
- vurdere/etablere mat/plastordning for hytte- og fritidseigedomar
- oppgradering av avfallsordningar ved dei største hyttefelta

Gjenbruksstasjonar

- oppgradering av gjenbruksstasjon i Vedvik
- sluttforhandling om kjøp av anlegg på Haugen
- prosjekt ny gjenbruksstasjon i Stryn
- oppfølging av ny gjenbruksstasjon Bremanger

Strategiplan

- utarbeide avfallsplan i tråd med strategiske hovudmål:
 - ha eit funksjonelt og effektivt anlegg tilpassa avfallsmengde og ordningar
 - vurdere nye løysingar og utvida kjeldesorteringsordning
 - åleine eller saman med andre ta initiativ til, og etter nærare vurdering delta i, prosjekt som utnyttar avfall i regionen som råstoff for auka verdiskaping, grøn næringsutvikling og som reduserer transportbehovet
 - arbeide for å nå nasjonale mål for materialgjenvinningsgrad innan 2035

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--